



PROTOKOLL FOR UTVAL FOR LEVEKÅR

Møtenr.: 3
Møtedato: 22.04.2026
Tidspunkt: 14:00 - 15:53
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

	Desse møtte
AP	Anita Stokdal
KRF	Bjørghild Underhaug
KRF	Kjetil Hustoft
SP	Ranveig Undheim
V	Sondre Undheim Lokøy

	Forfall		Som vara møtte
FRP	Elida Salte-Sagici	FRP	Mette Monsen
H	Bente Hamre Larsen	H	Simon Alemayehu Hatle
H	Svein Bø	H	Randi Kluge Vatne
SP	Nils Martin Sikveland	SP	Magnus Nedrebø

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjefane Pamela Sudmann og Britt Ellinor Scott, verksemdleiar Odd Ivar Nese og utvalssekretær Karina A. Haugland.

Saklista vart godkjent.

Orienteringar:

- Folkehelseprofilen v/kommuneoverlege Øystein F. Ødegård
- Familiebroen v/ Amalie Gåsland Olsen og Ann Synnøve Abeland, NAV
- Evaluering av endringene innen Psykiske helse og rustjensester v/verksemdleiar Bjarte Sælevik

Bryne, 22.04.2026

Bjørghild Underhaug
utvalsleiar

Karina Arntzen Haugland
utvalssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
018/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
019/26	ÅRSRAPPORT OG ÅRSREKNESKAP 2025
020/26	KVALITETSMELDING FOR TIMESKULEN 2026
021/26	ÅRSRAPPORT FOR JÆRSKULEN 2025
022/26	HØYRING- NYTT VALGFAG I NORSK TEGNSPRÅK PÅ UNGDOMSTRINNET
023/26	KVALITETSMELDING FOR BARNEVERNTENESTA 2025
024/26	REFERATSAKER
025/26	DELEGERTE SAKER

018/26 : Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren si innstilling

Protokoll frå møte 04.03.2026 vert godkjent.

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 018/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 04.03.2026 vert godkjent.

019/26 : Årsrapport og årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Driftsrekneskapen for 2025 vert godkjent.*
2. *Investeringsrekneskapen for 2025 vert godkjent.*
3. *Årsrapporten for 2025 vert godkjent.*

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå Sissel Løchen (FUN) Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

SBR - 017/26 Vedtak:

Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

Arbeidsmiljøutvalet

HAMU tek Årsrapport og årsrekneskap 2025 til orientering.

AMU - 003/26 Vedtak:

Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

UNG - 014/26 Vedtak:

1. *Driftsrekneskapen for 2025 vert godkjent.*
2. *Investeringsrekneskapen for 2025 vert godkjent.*
3. *Årsrapporten for 2025 vert godkjent.*

Utval for levekår

Forslag frå **Sondre U. Lokøy (V)**

Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

Forslaget frå Sondre U. Lokøy vart samrøystes vedtatt.

ULE - 019/26 Vedtak:

Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

020/26 : Kvalitetsmelding for Timeskulen 2026**Kommunedirektøren si innstilling**

Kvalitetsmelding for Timeskulen 2026 blir godkjend med tilhøyrande målsettingar.

Ungdomsrådet

Innspel frå ungdomsrådet:

*Kvifor er det så store forskjeller på jenter og gutter i grunnskulepoeng?

- Ein del på oppførsel kan ha noko å seia.
- Gutar kan øydelegge for seg sjølve, medan jenter kan opplevast å ha meir fokus. Spesielt kan dette gjelde i meir «frie» fag som K&H, M&H osv.
- Det kan henge saman med motivasjon og interesse i faga. Det må visast kompetanse og leggast inn arbeid for å oppnå resultat.
- Lærarbehandling i forhold til oppførselen.
- Korleis lærarane tolkar elevane kan ha stor innverknad. At gutar er biologisk meir umodne kan ha noko å seie.
- Når ein først har kome bakpå kan det påverke motivasjonen.
- Forskjellsbehandling når jenter og gutar skal vurderast.

- Det bør vere meir anonyme prøvar for å unngå «trynefaktor».
- Vurderingspraksis må vurderast.
- Følelsen til gutane kan ha noko å seie, korleis dei opplever å bli behandla.
- Kommunikasjonen med elevane om faga er viktig.

UNG - 015/26 Vedtak:

Innspel frå ungdomsrådet:

*Kvifor er det så store forskjeller på jenter og gutter i grunnskulepoeng?

- *Ein del på oppførsel kan ha noko å seia.*
- *Gutar kan øydelegge for seg sjølve, medan jenter kan opplevast å ha meir fokus. Spesielt kan dette gjelde i meir «frie» fag som K&H, M&H osv.*
- *Det kan henge saman med motivasjon og interesse i faga. Det må visast kompetanse og leggst inn arbeid for å oppnå resultat.*
- *Lærarbehandling i forhold til oppførselen.*
- *Korleis lærarane tolkar elevane kan ha stor innverknad. At gutar er biologisk meir umodne kan ha noko å seie.*
- *Når ein først har kome bakpå kan det påverke motivasjonen.*
- *Forskjellsbehandling når jenter og gutar skal vurderast.*
- *Det bør vere meir anonyme prøvar for å unngå «trynefaktor».*
- *Vurderingspraksis må vurderast.*
- *Følelsen til gutane kan ha noko å seie, korleis dei opplever å bli behandla.*
- *Kommunikasjonen med elevane om faga er viktig.*

Utval for levekår

Tilleggsforslag frå **Sondre U. Lokøy (V)**

Neste års kvalitetsmelding skal også omtale fråvær.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslaget frå Sondre U. Lokøy vart samrøystes vedtatt.

ULE - 020/26 Vedtak:

Kvalitetsmelding for Timeskulen 2026 blir godkjend med tilhøyrande målsettingar.

Neste års kvalitetsmelding skal også omtale fråvær.

021/26 : Årsrapport for Jærskulen 2025

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Kommunestyret vedtek at Jærskulen går frå å levere ein årleg tilstandsrapport for kvalitet og utvikling til å levere ein årleg årsrapport.*
2. *Årsrapport for Jærskulen 2025 blir teken til orientering.*

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 021/26 Vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek at Jærskulen går frå å levere ein årleg tilstandsrapport for kvalitet og utvikling til å levere ein årleg årsrapport.*
2. *Årsrapport for Jærskulen 2025 blir teken til orientering.*

022/26 : Høyring- nytt valgfag i norsk tegnspråk på ungdomstrinnet

Kommunedirektøren si innstilling

Time kommune gir høyringsinnspel til forslaget om nytt valfag i norsk teiknspråk på ungdomstrinnet, i tråd med vurderingane i saksutgreiinga.

Ungdomsrådet

Innspel frå Ungdomsrådet:

- Det opplevast som meir naturleg å ha det som eit val i tilvalgsfaga med språket kunne og gitt meir interesse.
- Sørge for kvalifiserte lærarar som har kompetanse både i faget og evnene til å læra det vekk.
- Skal ein bruke ressursar til å tilsette nokon i eit fag som er så smalt og sjeldan?
- Vil det kome inn i lærarutdanninga?- Korleis få denne kompetansen til lærarar.

- Før ein gjer noko med tilsetjingar bør ein ha ein prosess i form av forms skjema for å sjekke interessa for faget blant elevane.

UNG - 013/26 Vedtak:

Innspel frå Ungdomsrådet:

- *Det opplevast som meir naturleg å ha det som eit val i tilvalgsfaga med språket kunne og gitt meir interesse.*
- *Sørge for kvalifiserte lærarar som har kompetanse både i faget og evnene til å læra det vekk.*
- *Skal ein bruke ressursar til å tilsette nokon i eit fag som er så smalt og sjeldan?*
- *Vil det kome inn i lærarutdanninga?- Korleis få denne kompetansen til lærarar.*
- *Før ein gjer noko med tilsetjingar bør ein ha ein prosess i form av forms skjema for å sjekke interessa for faget blant elevane.*

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 022/26 Vedtak:

Time kommune gir høyringsinnspel til forslaget om nytt valfag i norsk teiknspråk på ungdomstrinnet, i tråd med vurderingane i saksutgreiinga.

023/26 : Kvalitetsmelding for barneverntenesta 2025

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret tar barnevernstenesta si kvalitetsmelding for 2025 til orientering.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

UNG - 016/26 Vedtak:

Kommunestyret tar barnevernstenesta si kvalitetsmelding for 2025 til orientering.

Utval for levekår

Tilleggsforslag frå **Bjørghild Underhaug (KrF)** under pkt. **7. Oppsummering og innsatsområde 2026**

- Jfr. **5.6 Brukarmedverknad og involvering av brukarstemmer**: om barn som ikkje bur med sine foreldre; Barn og unge skal ha reell medverknad knytt til samværet med foreldra.
- Administrasjonen tek initiativ til samarbeid med kommunane som ein har felles tiltaksteam med, om korleis ein kan redusere ventelista og ventetida for familier som venter på hjelp. Den store forskjellen mellom kommunane i kor mange familier som får hjelp, vil vera eit viktig tema.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslaget frå Bjørghild Underhaug vart samrøystes vedtatt.

ULE - 023/26 Vedtak:

Kommunestyret tar barnevernstenesta si kvalitetsmelding for 2025 til orientering med følgjande tillegg:

Pkt. 7. Oppsummering og innsatsområde 2026

- Jfr. **5.6 Brukarmedverknad og involvering av brukarstemmer**: om barn som ikkje bur med sine foreldre; Barn og unge skal ha reell medverknad knytt til samværet med foreldra.
- Administrasjonen tek initiativ til samarbeid med kommunane som ein har felles tiltaksteam med, om korleis ein kan redusere ventelista og ventetida for familier som venter på hjelp. Den store forskjellen mellom kommunane i kor mange familier som får hjelp, vil vera eit viktig tema.

024/26 : Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 024/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

025/26 : Delegerte saker

Kommunedirektøren si innstilling

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 025/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Eventuelt:

Kommunalsjefane orienterte frå kommunalområda oppvekst og helse og velferd, og verksemler Odd Ivar Nese frå kultur.